

Til
Jonas Gahr Støre, leiar Arbeiderpartiet
Trygve Slagsvold Vedum, leiar Senterpartiet
Audun Lysbakken, leiar Sosialistisk Venstreparti

Oslo, 17. september 2021

Innspel til regjeringsplattform for 2021-2025

Unge funksjonshemmede er ein paraplyorganisasjon for organisasjonar av, med og for unge med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdomar. Organisasjonen representerer 38 organisasjonar med over 25 000 medlemmer.


Unge funksjonshemmede gratulerer med valet, og vil med dette gi våre innspel til ny regjeringsplattform for 2021-2025.

Ungdom med funksjonsnedsettingar og kronisk sjukdom møter i dag utanforskap og forskjellsbehandling på alle samfunnsområder. Vi håper de tydeliggjer i plattformen at likestilling av menneske med funksjonsnedsettingar blir eit høgt prioritert område for regjeringa. FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) må ligge til grunn for all politikk som påverkar funksjonshemma.

Vi vil innleiingsvis også nemne at vi har registrert at tillitsreform i offentleg sektor ligg an å bli ein sentral del av eit raudgrønt regjeringsprosjekt. Unge funksjonshemmede har ikkje tatt stilling til sjølve forslaget, men vil understreke at dersom ei slik reform skal gjennomførast, må det basere seg på auka tillit til brukarane og ikkje berre dei tilsette. Ungdom med funksjonsnedsettingar veit sjølv kor skoen trykker. Vi vil åtvare mot å fjerne viktige brukarrettigheter som sikrar rettstryggleik for utsette grupper.

Våre føreslåtte hovudsatsingar for den nye regjeringa er:

- Innlemme **CRPD** i Menneskerettsloven, og ratifisere tilleggsprotokollen om individklageordning.
- Sette ein tidsfrist for eit **universelt utforma** Noreg innan 2035, og følge opp med konkrete tiltak, øyremerka midlar, og forsterka lovkrav. Særleg prioritere universell utforming av grunn- og vidaregåande skular.



- Følge opp anbefalingane frå **BPA**-utvalet, og sørge for at BPA-ordninga blir eit likestillingsverktøy. Alle som treng det må få BPA uavhengig av timebehov, og ingen må miste assistansen ved flytting mellom kommunar.
- Reversere Solberg-regjeringa sine **usosiale kutt** i ulike helserelaterte ytingar og tenester, inkludert innstrammingane i AAP-ordninga frå 2018 og kuttet i ytinga for unge AAP-mottakarar frå 2020.


I tillegg meiner vi regjeringa må prioritere dei følgande tiltaka i perioden:

Arbeidsliv

- Intensivere innsatsen for å få fleire menneske med funksjonsnedsettingar i ordinært arbeid. Delmålet om å få fleire funksjonshemma i arbeid må tas inn igjen i intensjonsavtalen om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen).
- Styrke NAV med fleire ressursar til tettare arbeidsretta oppfølging av ungdom, og styrke ungdomskompetansen ved NAV-kontora.
- Gjere det enklare å kombinere uføretrygd og arbeid, og sørge for at unge uføre får tilbod om arbeidsretta oppfølging frå NAV.
- Auke bruken av utdanning som arbeidsretta tiltak, og fjerne aldersgrensa på 22 år og taket på 3 års varigheit for tiltaket.
- Få på plass eit krav om universell utforming av arbeidsplassar i Likestillings- og diskrimineringsloven.

Utdanning

- Gjennomføre og finansiere vegkartet for universelt utforma nærskule, som sikrar at alle grunnskular er universelt utforma innan 2030. Få på plass eit tilsvarende vegkart for vidaregåande skule.
- Auke ressursane i skular, PPT og Statped til å drive spesialpedagogisk oppfølging. All spesialundervisning må gis av kvalifisert personell.
- Gjennomføre ein reform som sikrar at elever med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdomar får same moglegheit som andre til å fullføre vidaregåande skule.
- Kartlegge status for universell utforming og individuell tilrettelegging i universitets- og høgskulesektoren, og utrede tiltak som kan få fleire studentar med funksjonsnedsettingar til å fullføre høgare utdanning.



Ungdomshelse

- Få på plass ein ny Ungdomshelsestrategi, med konkrete tiltak for eit meir ungdomsvenleg helsevesen.
- Opprette eit nasjonalt kompetansenettverk for ungdomshelse, og ein statleg overbygning med ansvar for å styrke ungdomshelse som fagfelt.
- Få på plass nasjonale retningslinjer for overgangar mellom barne- og vaksenavdeling på sjukehus.
- Sette ned eit offentleg utval som skal levere forslag for å styrke habiliterings- og rehabiliteringsfeltet, inkludert rehabiliteringstilbodet til barn og unge.
- Forskriftsfeste ei forsvarleg bemanningsnorm i skulehelsetenesta, og styrke tenesta med øyremerka midlar.
- Gjennomføre ei tannhelsereform som gjer tannhelse til ein del av folketrygda. Om reforma skjer gradvis, må tannhelsetilbodet til unge vaksne og dei med diagnosar som gir dårleg tannhelse styrkast først.

Frivillegheita sine rammevilkår

- Auke grunnstøtta til barne- og ungdomsfrivillegheita og grunnstøtta til organisasjonar for funksjonshemma.
- Sikre full momskompensasjon for frivillige organisasjonar.
- Forenkla byråkratiet knytt til frivillige organisasjonar sine rammevilkår.

Vi ønsker dykk lykke til med forhandlingane om regjeringsplattformen, og ser fram til et godt og konstruktivt samarbeid i den komande perioden.

Med venleg helsing

Ingvild Østli
Generalsekretær
Unge funksjonshemmede

Line Skåtøy
Styreleiar
Unge funksjonshemmede

